

The screenshot shows a mobile browser interface. At the top, the address bar displays '5454senior.simplesite.com'. Below the address bar is a navigation menu with various links like 'Google', 'Finn reise', 'Rikstoto', etc. The main content area has a large title 'Liv og røre i Sæbøvik' with a circular icon to the left. Below the title is a navigation menu with links like 'Forside', 'Livet på kaiene', 'Hest og veps', etc. The main content is titled 'Bilder og historiar frå Sæbøvik' and contains two paragraphs of text. A large image of a lake is shown, with a caption 'Foto: Frode Sæbø'. To the right, there is a 'Nyeste kommentarer' section with three comments, each with a timestamp and a truncated text snippet.

Denne nettsida er blitt svært godt likt av lesarane.

Uskedalingen Frode Sæbø har verkeleg truffe publikum med nettsida si Liv og røre i Sæbøvik. Sjølv om sida, som namnet seier, er tileigna folket på Halsnøy, har den lesarar frå eit langt vidare område. Historiane og bileta som er henta frå nær fortid, viser seg å slå godt an hos svært mange



- For meg er arbeidet med denne sida blitt ein kjekk stolaktivitet, seier Frode Sæbø.

Sæbø starta med sida på forsommaren i fjor. Han fortel at bakgrunnen var at han fortalde historiar frå barn- og ungdom på Sæbøviksida på facebook. Han fekk mange gode tilbakemeldingar på dette, og han likte å skriva. Han følte at han kanskje tok litt mykje plass på denne sida, og etter kvart dukka idèen om ei eiga nettside opp. - Det var fleire som oppfordra meg til å samla historiane, m.a. var det eit forfattarsøsknebarn som oppfordra meg til å gje dei ut i bokform, men det syntes eg var å strekkja det vel langt, fortel han om korleis idèen om heimesida voks fram til verkelegheit på forsommaren. No nærmar sida seg 10.000 unike lesarar. Frode Sæbø er overgitt over kor breitt han har nådd ut, og at så mange relativt unge folk melder tilbake at dei har glede av å lesa historiane hans.

Sida inneheld folkelege og snille bygdahistoriar. Alle har rot i verkelegheiten, eller røynda som det heiter på nynorsk. Dei er henta frå oppveksten hans for 40-60 år sidan då han meiner han voks opp i ein unik periode med den gamle familiestrukturen, på eit småbruk midt i Sæbøvik sentrum med kaiar, båtbyggjeri, smia, møbelsnikkeri, frakte- og fiskefartøy, fabrikkar, bakeri, 5 butikkar, skog og mykje anna interessant rundt seg. Det var mange små verdener som smelta saman.

Denne oppveksten var rik på opplevingar som han no formidlar vidare på sida si.

- Eg ønskjer å publisera lettleslege og positiv lesnad der eg gjerne kan ha det moro på eigen bekostning, men har som mål at det eg skriv ikkje skal støyta nokon.

Tilbakemeldingane han har fått fortel også noko om grunnen til den gode responsen sida har fått. Historiane er ikkje eldre enn at mange av lesarane hugsar både tida og hendingane når dei les dei. Det set mimringa i gang. Mange rosar han også for at han har ei lettlesne og enkel språkdrakt. Populariteten til sida merkar han og når han møter folk som gjerne er i same aldersgruppe på Sæbøvik. Då vert det fort mimring, og mange 'Hugsar du.....' og dermed dukkar ei ny historie opp. Nokre sender stoff til han, og seinast kvelden før denne samtalen fekk han tilsendt 10 avisartiklar med spørsmål frå ein lesar om dei kunne brukast på sida.

- Mange historiar har dukka opp under ein god kaiprat på hytta på Fjelberg. For meg er dette blitt ein avslappande og kjekk stolaktivitet med Ipad mini heime og på hytta, fortel Frode, og medan vi snakkar kjem han på ei ny historie.

-'Den første grisen min!' kan eg skriva om. Eg hadde berre ein gris, men det er ei god historie, syns eg.

Han har no laga seg ei eiga facebook-side **Liv og røre i Sæbøvik** der han har kontakt med lesarane. Dei som likar denne sida, får vite om når han legg ut nye historiar. Desutan får han tilbakemeldingar frå lesarane på den. 'Kjekk som alltid å sjå kva den neste handlar om. God helg!', ' Dette var artige historiar og koselege bilder. Er det lov å dele?', 'Fantastisk gode innlegg og bilete, Frode', 'Kjekk å høyra, jøye meg' er eit lite knippe av tilbakemeldingane han får på facebook. Nyleg fekk han også ei anna kjekk tilbakemelding då ein ikkje namngitt lesar som sette pris på sida, leverte ein bukett roser på døra.

Underteikna tenkjer på kor viktig del av den folkelege bygdekulturen som vert teken vare på gjennom denne sida. Kanskje vi kunne fått det til i Uskedalen og? Det hadde vore flott! Har vi den rette personen?

Nettsida **Liv og røre i Sæbøvik** finn de på <http://5454senior.simplesite.com/>

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland